

# Regionale samlingar for biblioteka og frivillige organisasjonar

**27/10 2021 10:00 - 4/11 15:00**

Publisert: 15.09.21 Oppdatert: 18.10.21



Møre og Romsdal fylkeskommune og Voksenopplæringsforbundet (Vofo) inviterer til regionale samlingar som handlar om livslang læring i biblioteka, og korleis ein kan samarbeide med frivillige organisasjonar/ressursar for å nytte biblioteka som kunnskapsformidlarar.

## Målgruppe

- Frå kommunane: Biblioteksjefar, bibliotektilsette som ønsker å jobbe meir med frivillighet, VGS-skulebibliotekarar, tilsette frå frivilligsentralar og kultureininga.
- Frå frivilligheita: Regionledd, paraplyorganisasjonar, studieforbund og lokale frivillige organisasjonar i fylket.

## Hovudtema

Med ei verd som er i stadig endring er det viktig at vi klarar å omstille oss. Biblioteka har ei viktig rolle i denne prosessen. Vaksenopplæringslova skal bidra til motivasjon og tilgang til kunnskap og kompetanse for alle, og slik fremje den enkelte si utvikling og møte behova i samfunns- og arbeidslivet. FNs berekraftsmål nr. 4 har fokus på god utdanning, som seier at vi skal sikre inkluderande, rettferdig og god utdanning for å fremme moglegheiter for livslang læring for alle.

Desse samlingane vil sette fokus på livslang læring i biblioteka, og biblioteka som kunnskapsaktørar.

## Ved meir samarbeid mellom bibliotek og frivillige organisasjonar kan vi

- Inkludere fleire
- Skape nye møteplassar
- Gi fleire moglegheit til å ta utdanning/vaksenopplæring
- Sette fokus på livslang læring

Det vil vere ei samling per region i Møre og Romsdal. Samlingane vil fungere som ein stad å skape nye nettverk for biblioteka og frivillige organisasjonar, og for å auke kompetansen innan samarbeid og frivillighet. Programmet vil passe for dei biblioteka som har mykje samarbeid, og dei som endå er i startfasen med å opprette nye samarbeid med frivillige organisasjonar.

## Dato og sted

28. oktober: Tingvoll - Kommunehuset på Tingvoll

3. november: Sykkylven - Kulturhuset i Sykkylven

4. november: Volda - Lokala til Sanitetslaget i sentrum (Halkjelsgata 16)

Tidspunkt er kl. 10.00-15.00.

Samlinga i Molde er slått saman med samlinga i Tingvoll

Vi oppfordrar til at de deltar i dei regionane de høyrer til. Viss dato ikkje passar vil det vere mogleg å delta i ein annan region.

## Pris

Samlinga er dekt av fylkeskommunen. Kvar enkelt må betalte reise sjølv.

## Påmeldingsfrist

20. oktober.

Programmet ligg i pdf nedst på sida.

Vi tek atterhald om endringar i programrekkefølga.

## Dokumenter



Program livslang læring i biblioteka

## Kontakt



Anne Askeland  
Rådgivar  
71 28 05 55  
[Send e-post](#)



Anna Lianes  
Rådgivar  
71 28 03 07 / 992 98 395  
[Send e-post](#)